



Arkivnr: 2014/673-223
Saksbehandlar: Elizabeth Warren, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		10.05.2016

Prosjekt Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016 (KIK) - fordeling av midlar til kommunane i 2016

Samandrag

Saka gjeld fordeling av fylkeskommunal og statleg løyving til kommunane til kulturminneregistrering og utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne i samband med prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016 (KIK)*.

Hordaland fylkeskommune har sett i gong prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2014*, jf. vedtak i fylkesutvalet 30.01.2014, jf sak 14/2104. Prosjektet går over 4 år, med føresetnad om årlege løyvingar frå Riksantikvaren. I Hordaland fylkeskommune sitt årsbudsjett 2014 / økonomiplan 2014-2017 har fylkestinget lagt inn ei årleg ramme på 1 mill. kr til føremålet i kvart år av prosjektet i 3 år. Riksantikvaren bidrar med midlar til prosjektet etter søknad. Kultur- og ressursutvalet fordelte kr. 1.400.000,- til 14 kommunar i 2014 (jf. sak PS 84/2014) og kr 1.800.000,- til 16 kommunar i 2015 (jf. sak PS 58/2015). Årsrapport 2015 vart lagt fram til Utval for kultur, idrett og regional utvikling 16.03.2016 i sak PS 46/2016.

Per april 2016 har alle kommunane i Hordaland starta arbeidet eller vedteken ein kulturminneplan. Dei har fått kr 200.000,- fylkeskommunale og statlege midlar som støtte til dette arbeidet. Fokus i 2016 har vore på å få kommunar med eldre kulturminneplanar til å rullere og oppdatere desse og å få kommunane til å legge prioriterte kulturminne inn i den nasjonale kulturminnedatabase Askeladden.

For 2016 er det motteke åtte søknader frå kommunane på til saman kr 780 000. Riksantikvaren har øyremerkt kr 200 000 i tilskot til Fusa og Bergen kommune. I saka gjer fylkesrådmannen framlegg om at alle kommunar som har søkt i 2016 får tildelt midlar som omsøkt.

Restmidlar i tilskotsordninga er kr 420 000,-. I saka vert gjort framlegg til retningsliner for utlysing av midlane. Det inneber at kommunar kan søkje på rettleings- og formidlingsprosjekter som er i tråd med prioriteringar i kommunane sine vedtekne kulturminneplan. Prosjekta må ha overføringsverdi til andre kommunar. Dette støttar opp om vedtatt prosjektplan for KIK. Søknadsfrist 1. september.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling føreset at kommunane i prosjektet utarbeider kommunedelplan for kulturminne basert på brei medverknad, og med rettsverknad og politisk forankring heimla i plan- og bygningslova.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 780 000,- av budsjettpost 10.400.735.84 slik:

	Kommune	År for vedtak av kulturminneplan	Sum tilskot 2011-2015	Søkt 2016	Innstilling 2016
1.	Bergen	-	0	100 000	100 000
2.	Fitjar	2015	200 000	50 000	50 000
3.	Fusa	1998	0	200 000	200 000
4.	Jondal	2009	0	100 000	100 000
5.	Odda	2012	110 000	100 000	100 000
6.	Os	-	100 000	100 000	100 000
7.	Sveio	2015	212 000	30 000	30 000
8.	Voss	2004	0	100 000	100 000
	TOTAL			780 000	780 000

3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til retningslinene for utlysning av restmidlane frå budsjettpost 10.400.735.84, kr 420 000,-
4. Fordeling av restmidlar vert handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling i oktober 2016.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
Kst. fylkesdirektør, kultur, idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Brev frå Riksantikvaren 31.03.2016
- 2 Søknader frå kommunane 2016

Fylkesrådmannen, 19.04.2016

Bakgrunn for saka

Saka gjeld fordeling av fylkeskommunale og statlege midlar til kommunane sitt arbeid med kulturminneregistrering og utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne i samband med prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016* (KIK).

I 2013 fordelte Riksantikvaren 1 million kroner til utvikling av kulturminnevern i kommunane i Hordaland. Løyvinga gav grunnlag for oppstart av planarbeid i fleire kommunar, og Hordaland fylkeskommune etablerte prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2014*, jf. vedtak i FUV 30.01.2014, sak 14/2104. Prosjektet går over 4 år, med føresetnad om årlege løyvingar frå Riksantikvaren. I Hordaland fylkeskommune sitt årsbudsjett 2014 / økonomiplan 2014-2017 har fylkestinget lagt inn ei årleg ramme på 1 mill. kr til føremålet i kvart år av prosjektet i 2014, 2015, 2016.

Midlar i prosjektet

Prosjektet er basert på kostnadsdeling mellom stat, fylkeskommune og kommunar. I 2014 vart dei statlege rammene vesentleg redusert, og Hordaland fylkeskommune fekk berre kr 400 000,- i støtte. Fylkesrådmannen la til grunn at dette kunne svekke måloppnåinga i prosjektet. For 2015 vart det statlege bidraget til arbeidet i Hordaland auka til kr 1.000.000,-. I 2016 er den statlege løyvinga til Hordaland kr 200 000,- og går til støtte i 2 kommunar, Bergen og Fusa.

Kommunedelplan for kulturminne

Prosjektet har utgangspunkt i regionale og lokale prosessar for å ta vare på kulturarven og skal fremje ei meir berekraftig forvaltning av kulturminneressursane. Prosjektet skal utvikle lokal forvaltning og gje eit tydeleg og føreseieleg kulturminnevern i kommunane. I tråd med prosjektplanen vedteken av fylkesutvalet skal arbeidet slutførast gjennom vedtak av kommunedelplanar for kulturminne som er baserte på lokal medverknad og med rettsverknad heimla i plan- og bygningslova. Dermed vil kommunane ha robuste planar som gjer det enklare å prioritere kulturminne og å handsama arealsaker. Prosjektet er godt motteke i kommunane. Frivillige lag og organisasjonar er engasjert, og eit omfangsrikt arbeid er sett i gong i heile Hordaland.

Nokre få av kommunane har signalisert at dei vil lage ein temaplan for kulturminne utan slik forankring. I tråd med vedtekne målsettingar legg fylkesrådmannen til grunn at arbeidet i kommunane bør sikrast gjennom kommunedelplanar for kulturminne med heimel i plan- og bygningslova.

Innstilling

Utval for kultur, idrett og regional utvikling føreset at kommunane i prosjektet utarbeider kommunedelplan for kulturminne basert på brei medverknad, og med rettsverknad og politisk forankring heimla i plan- og bygningslova.

Om søknadene frå kommunane

I brev dagsett 18.12.2015 inviterte Riksantikvaren fylkeskommunen til samarbeid i 2016. Hordaland fylkeskommune sendt brev 06.01.2016 til alle kommunar med utlysning av midlar for 2016. Søknadsfrist var 01. februar og fellessøknad frå 5 kommunar vert sendt til Riksantikvaren 15.02.2016. Fristen for handsaming i fylkeskommunen vart forlenga til 4. mars.

I utlysinga frå fylkeskommunen vart kommunane i Hordaland oppmoda om å søkje dersom dei:

- a) planlegg å registrere kulturminne eller gjere analysearbeid som førebuing til utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø.
- b) har gjort vedtak om utarbeiding av ny kommunedelplan for kulturminne eller rullering av gjeldande plan.
- c) har vedteke kulturminneplan og vil få prioriterte kulturminne kartfesta og lagt inn i Askeladden.
- d) har ein eldre vedteken kulturminneplan som skal rullerast.

Det vert sett vilkår om at kulturminneregistreringar vert gjort tilgjengelege i databasen Kulturminnesøk eller andre baser som kan utveksle data med Kulturminnesøk og /eller Askeladden, og at årleg rapport om gjennomført arbeid sendast til fylkeskommunen.

Innkomne søknader:

Til saman har det komme inn åtte søknader på til saman kr 780 000,- i tilskot i 2016. Søknadene fordeler seg slik:

- a) Bergen kommune har starta arbeid med kulturminneplan og søkt om kr 100 000,-
- b) Os kommune har starta arbeid med kulturminneplan og søkt om kr 100 000,-
- c) Fusa kommune vil revidere kulturminneplanen frå 1998 og har søkt om kr 200 000,-
- d) Jondal kommune vil revidere kulturminneplan frå 2009 og har søkt om kr 100 000,-
- e) Odda kommune vil revidere kulturminneplan frå 2012 og har søkt om kr 100 000,-
- f) Voss kommune vil revidere kulturminneplan frå 2005 og har søkt om kr 100 000,-
- g) Fitjar kommune har søkt om kr 50 000,- til innlegging av prioritert kulturminne i Askeladden
- h) Sveio kommune har søkt om kr 30 000,- til innlegging av prioritert kulturminne i Askeladden

Til fordeling:

I løyvingsbrev frå Riksantikvaren 31.03.2016 vert Hordaland fylkeskommune tildelt kr 200 000,- som er øyremerka 2 kommunar. Det er sett vilkår om at midlane skal brukast til å tinge arbeid i Bergen og Fusa og vidare at det må liggje føre plan for gjennomføring av registreringar, politisk vedtak om utarbeiding av kulturminne-/kommunedelplan, planar for å leggje verneverdige kulturminne inn i Askeladden, og rapportering til fylkeskommunen.

Det er dermed kr 1 000 000,- fylkeskommunale midlar til fordeling i saka. Av desse er kr 1.000.000,- fylkeskommunale og kr 200.000,- statlege midlar. Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkeskommune og stat ikkje har motstridande vilkår i høve bruken av løyvde midlar og handsamar saka om fordeling av desse samla.

Vurdering av søknadene og forslag til fordeling

Prosjektet skal utvikle det lokale kulturminnevernet. Erfaring viser at det tek tid å få mobilisert frivillige og organisert arbeidet internt i kommunane. Det er dermed naturleg at planarbeid og tilskot er fordelt over fleire år. For gjennomføringa er det likevel viktig at så mange som mogeleg av kommunane kjem tidleg i gang med arbeidet og kan ta del i prosjektfellesskapet. Det vert difor gjort framlegg om at alle som har søkt innan fristen og som fyller krava får midlar til registrering eller planlegging. Fylkesrådmannen innstiller kr 100.000,- til kvar av desse kommunane: Fusa, Jondal, Odda, Os og Voss. I tillegg innstiller fylkesrådmannen midlar til innlegging av prioritert kulturminne i Askeladden kr 50 000,- til Fitjar og kr 30 000,- til Sveio kommune. I tillegg har Riksantikvaren øymerkt kr 100.000,- kvar til Bergen kommune og Fusa kommune.

Oversikt tilskot 2011-2015 og søknad og innstilling 2016. Kommunar i grønne rader har vedteken kulturminneplan:

Kommune	Kulturminneplan (år)	Tildelt midlar 2011-2015	Søkt midlar 2016	Innstilling 2016
Askøy		100 000		
Austevoll		200 000		
Austrheim		200 000		
Bergen			100 000	100 000
Bømlo		200 000		
Eidfjord		200 000		
Etne		200 000		
Fedje		200 000		
Fitjar		200 000	50 000	50 000

Fjell		200 000		
Fusa	1998		200 000	200 000
Granvin		200 000		
Jondal	2009		100 000	100 000
Kvam		200 000		
Kvinnherad		200 000		
Lindås	2011			
Masfjorden	2009			
Meland		200 000		
Modalen	2000			
Odda	2012	110 000	100 000	100 000
Os		100 000	100 000	100 000
Osterøy		200 000		
Radøy		200 000		
Samnanger	2013	100 000		
Stord	2009	100 000		
Sund		200 000		
Sveio	2015	212 000	30 000	30 000
Tysnes		200 000		
Ullensvang		200 000		
Ulvik		200 000		
Vaksdal	2015	200 000		
Voss	2004		100 000	100 000
Øygarden		200 000		
TOTAL		4 722 000	780 000	780 000

Retningslinjer for tildeling av restmidlane frå budsjettpost 10.400.735.84, kr 420 000,-

- Informasjon om tilgjengeleg midlar vart utlyst til kommunane etter KIRU møte 10. mai.
- Frist for innsending av søknad frå kommunane er 1. september
- Saka om tildeling av midlar vert lagt fram for KIRU i møte 12./13. oktober 2016
- Kommunar som har eldre kulturminneplaner som treng revisjon vert prioritert og kan søkje om inntil kr 100 000,- kvar. Dette gjeld Lindås, Masfjorden, Modalen og Stord
- Kommunar kan søkje stønad om inntil kr 50 000,- til rettleiings og formidlingsprosjekt basert på handlingsplan i vedtekne kulturminneplanar. Prosjektet må ha overføringsverdi til andre kommunar. Det er og mogleg å søkje om fellesprosjekt frå fleire kommunar.